

Bømlo kommune
Kommunehuset
5430 BREMNES

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Mats Korneliussen / 99341206


Vår referanse:
17/126039-5

Dykkar referanse:

Vår dato:
26.01.2018

Fv.541 – Høyringsbrev – omklassifisering – Stokkabekken – Brubakken – Kattahola – Bømlo kommune

Ny veg på strekninga Stokkabekken – Brubakken – Kattahola opna i 2014. Den gamle fylkesvegen har status som FT (Temporary/mellombels fylkesveg) i nasjonal vegdatabank (NVDB).



Vegen sør for Lessinger bru (brua er fjerna), vil ha funksjon som tilkomst til bustadfelt på Innvær, eit mindre industriområde ved Ternetangen og industriområde ved Brubakken. Etter vår vurdering samsvarer dette med definisjonen av adkomstveg gitt i N100, og vi vil kome med framlegg om at den gamle fylkesvegen, frå kryss ved Fv.542 Stokkabekkevegen til og med tilkomstveg i kulvert under ny veg vest for Stongarvågsbrua (den nye brua på fv.541), vert omklassifiserast til kommunal veg. I tillegg inneheld framlegget tilråding om at tilkomstveg mellom ny og gamal fylkesveg sør for Brubakken får status som kommunal veg. Dette gjeld følgjande vegstrekningar:





Figur 2: Ft.541 hp 10 km 0,000 – 1,991



Figur 2: Ft.541 hp 50 km 0,000 – 0,186

Strekninga rundt Raunhildetunnelen, ved Kattahola, vert i dag primært nytta som gang- og sykkeltilbod til ny fylkesveg. I tillegg er køyring til eigedommane tillate frå Katthola til regulert industriområde på nordsida av brua.



Med bakgrunn i at vegen er tilkomst til bustad og regulert industriområde, vil vi tilrå at vegen vert omklassifisert til kommunal veg, og ikkje til fylkeskommunal gang- og sykkelveg. Dette gjeld følgjande strekning, som i NVDB er registrert som:



FG. 541 hp 210 km 2,311–2,448 FG. 541 hp 10 km 2,437–2,495 FT. 541 hp 10 km 2,304–2,937

Framlegg til vedtak:

Statens vegvesen vil med bakgrunn i ovannemnde tilrå at:

Ft.541 hp 10 km 0,000 – 1,991 lengde 1991 meter og Ft.541 hp 50 km 0,000 – 0,186 lengde 186 meter – totalt 2177 meter vert omklassifisert til kommunal veg.

Fg.541 hp 210 km 2,311 – 2,448 lengde 137 meter og Fg.541 hp10 km 2,437 – 2,495 lengde 58 meter og Fg.541 hp10 km 2,304 – 2,937 lengde 633 meter – totalt 828 meter vert omklassifisert til kommunal veg.

Ved omklassifisering av veg gjeld NA-rundskriv 97/13, det vil seie at vedtaket om omklassifisering av fylkesveg til kommunal veg trår i kraft når vegen er oppgradert til gitt standard. Sjå vedlagt oppsummering frå synfaring 24.03.17 og 21.09.2017 over kva punkt som skal utbetrast.

NA-rundskriv 97/13 gjeld ikkje ved nedlegging av offentleg veg. Vedtaket om nedlegging av offentleg veg og utlegging til privat veg vil difor vere gjeldande frå vedtaksdato.

Saksgang og vedtaksmynde

Saksgang ved omklassifisering og nedlegging av offentleg veg følgjer av veglova §7:

§ 7. Etter at fylkeskommunen – i Oslo kommunen – har uttala seg, kan departementet gjere vedtak om at riksveg skal leggjast ned eller gjerast om til fylkesveg eller til kommunal veg. Etter at kommunen har uttala seg, kan fylkeskommunen gjere vedtak om at fylkesveg skal leggjast ned eller gjerast om til kommunal veg.

Kommunen kan gjere vedtak om at kommunal veg skal leggjast ned.

Vedtaket etter første og andre ledd kan likevel ikkje settast i verk utan at vegen oppfyller tekniske krav etter nærare retningslinjer gitt av departementet.

Alternative løysingar for nedlagt offentleg veg følgjer av veglova §8:

§ 8. Blir offentlig veg nedlagt, kan vedkommande styremakt gjere vedtak om at veggrunnen heilt ut eller delvis skal nyttast til anna offentlig vegføremål eller til føremon for ferdsla eller dei vegfarande. Som føremon for ferdsla eller dei vegfarande vert òg rekna at bruer, murar, vegstykke eller andre delar av vegen etter vegstyremakta sitt skjønn er verneverdig slik at den bør haldast ved like for kommande slekter.

Nedlagt offentlig veg som ikkje blir nytta til anna føremål etter første ledd, kan vedkommande styremakt legge ut til bruk som privat veg etter denne lova.

Blir offentlig veg nedlagt, og veggrunnen ikkje blir nytta til anna føremål etter første ledd, og vegen heller ikkje blir utlagt til privat veg, har eigar av eigedom som støyter til vegen rett til å krevje veggrunnen lagt til eigedomen sin mot vederlag etter skjønn, eller dersom ny veg skal byggast over eigedomen hans, mot frådrag etter skjønn i vederlaget for eigedomsinngrep til slik veg. Støyter fleire eigedomar til vegen, skal moglig tvist om fordelinga avgjerast ved skjønn.

Før vi sender framlegg til omklassifisering av offentlig veg til godkjenning i Hordaland fylkeskommune, ber vi om uttale frå dykk.

Høringsfrist

Frist for å kome med tilbakemelding er sett til: **torsdag 1.mars**

Plan- og forvaltningsseksjonen Bergen

Med helsing

Sindre Lillebø
Seksjonssjef

Mats Korneliussen

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Vedlegg

Fg/Ft.541 – Katthola

Synfaringene vart gjennomført til fots 24.03.2017. Vurderingane er gjort ut frå NA-rundskriv 97/13 «Retningslinjer for tekniske krav til veg som omklassifiseres – ikraftttredelse av vegloven § 7». Synfaringa omfatta strekninga frå kryss mellom ny og gamal fylkesveg i aust (FT 541 hp 10 km 2,937) til kryss på vestsida av tunnelen (FG 541 hp 210 km 2,311), totalt 770 meter.

På synfaringa deltok følgjande; Frå Bømlo kommune: Toralv Meling (Teknisk avdeling), Vardan Vardanyan (Teknisk drift), Reidar Meling (Teknisk drift). Frå Hordaland fylkeskommune: Irene Velure (Vegseksjonen). Frå Statens vegvesen: Bernt Herland (Vegseksjon Nord-, Midt- og Sunnhordland/Prosjektleder Bømlo-pakken), John Ellefsen (Vegseksjon Nord-, Midt- og Sunnhordland), Vidar Tveiterås (Vegseksjon Nord-, Midt- og Sunnhordland), Åge Fanebust (Vegseksjon Nord-, Midt- og Sunnhordland), Anne Marta Espelund (Plan- og forvaltningsseksjon Bergen)

Tunneler




- Skadde plate- og betonghvelv og portaler skal være utbedret.
- Løst fjell i tak og vegger skal være sikret.
- Elektriske installasjoner skal virke.
- Lamper skal skiftes ut dersom lysstyrken er under 70 % av nyverdi.
- Tunnelen skal være rengjort.

Funn/vurdering: Ikkje aktuelt på vegstrekninga.


Drenering

- Grøfter skal være rensket dersom 1 /3 av opprinnelig dybde er oppslammet.
- Stikkrenner skal renskes dersom oppslamming overstiger 1/3 av høyden i renna
- Kummer skal være tømt dersom oppslamming har nådd 10 cm fra avløp, det skal være fritt avløp inn/ut
- Defekte stikkrenner, rør og kummer utbedres

Funn/vurdering: Alle kummer skal sjekkast og eventuelt tømmast.

P	Hp	Km	Skade, mangel	Tiltak	Bilde
1	10	2827 – 2935	Dårleg avrenning av veg	Reinske grøfter/ fjerne torvkant	 
2	10	2,818 og 2,825	Dårleg drenerings- system	Forleng rør og etablere sandfang	


4	10	2,690	Dårleg inntak av vatn	Etablere ny murt inntaks-kum	
5	10	2,573	Stikkrenne er tetta igjen	Frigjere stikkrenne	

7	10	2,312		Meisle vekk «nase»	
---	----	-------	--	--------------------------	---

Vegdekker

- Dersom mer enn 10% av en ensartet strekning på vegen ventes å få spor dypere enn 25 mm i løpet av 1 år skal strekningen utbedres.
- Dersom mer enn 10% av en ensartet strekning på vegen ventes å ha jevnhet dårligere enn 6 mm/m i løpet av 1 år skal strekningen utbedres.
- Sprekker som er bredere enn 10 mm skal forsegles.
- Krakelerte partier skal vurderes særskilt og utbedres.
- Grusveger skal opp gruses ved behov.
- Vegskuldre skal være oppfylt i plan med vegbanen.

Funn/vurdering:

P	Hp	Km	Skade, mangel	Tiltak	Bilde
3	10	2,680 - 2,800 (om lag)	Hol i asfalt	Ny asfalt, 70 meter x 1,5 meter ≈ 120 m ²	

6	10	2,500 - 2,580 (om lag)	Dårleg asfalt	Ny asfalt 80 meter x 1,5 meter ≈ 150 m ²	

Murer

- Skader som reduserer murens funksjon skal utbedres.

Funn/vurdering: Ikkje registrert behov for utbetringar langs vegstrekninga.

Støyskjermer

- Vertikale skjevheter over 1 :25 og horisontale skjevheter over 1 :40 skal være utbedret.
- Løse bord/mangler skal utbedres.
- Dersom skjermen trenger overflatebehandling skal dette gjøres.

Funn/vurdering: Ikkje aktuelt på vegstrekninga.

Fjellskjæringer

- Synlige løse blokker og steiner skal fjernes eller boltes i samråd med geologisk ekspertise.

Funn/vurdering: Geolog skal takast med på synfaring og vurdere dette.

Grøntarealer og skråninger (innenfor vegens eiendomsgrenser)

- Erosjonsskader og andre skader skal utbedres.
- Gress og kratt skal være lavere enn 50 cm i siktsoner.
- Kratt skal ikke være høyere enn 75 cm i etablerte soner for vilttrekk.

Funn/vurdering:

P	Hp	Km	Skade, mangel	Tiltak	Bilde
8	10	2,445 - 2,470		Drifts- ansvarleg for fylkesveg slår 6 meter ut frå fylkesveg- kant.	

Kantstein

- Minimumshøyden skal være minst 5 cm.

Funn/vurdering: Ikkje aktuelt på vegstrekninga.

Rekkverk

- *Brukne stolper skal skiftes.*
- *Utbøyning eller setninger større enn 20 cm fra opprinnelig horisontallinje skal utbedres.*

Funn/vurdering: Ikkje registrert behov for utbetringar langs vegstrekinga.

Gjerder, inkl. viltgjerder og trafikkjerder

- *Synlige skjevheter og skader skal utbedres.*

Funn/vurdering: Ikkje aktuelt på vegstrekinga.

Belysningsanlegg

- *Lamper skiftes dersom lysstyrken er mindre enn 75 % av nyverdi.*

Funn/vurdering: Ikkje registrert behov for utbetringar langs vegstrekinga.

Oppmerking

- *Vegene skal være oppmerket slik at mindre enn 20 meter av langsgående linjer er slitt bort.*
- *Minst 50 % av annen oppmerking skal synes.*

Funn/vurdering: Ikkje aktuelt på vegstrekinga.

Kantstolper

- *Brukne stolper skal erstattes, skjevheter rettes opp.*

Funn/vurdering: Ikkje registrert behov for utbetringar langs vegstrekinga.

Skilt


- *Skal minst være synlig på 100 meters avstand i soner med fart større enn 60 km/t.*
- *Skal minst være synlig på 50 meters avstand i soner med fart mindre/lik 60 km/t.*
- *Synlige skjevheter utbedres.*

Funn/vurdering: Ikkje registrert behov for utbetringar langs vegstrekinga.


Bruer og kaier

- *For bruer og kaier må det utføres inspeksjoner dersom dette ikke er gjort de siste 5 år. Utbedringer foretas i henhold til de skader som oppdages ved inspeksjonen.*

Funn/vurdering: Ikkje aktuelt på vegstrekinga.



Syrtfaring i samband med eventuell omklassifisering - Børnlo-kommune
FT 541 hp 10 km 2,304 - 2,937 og FG 541 hp 210 km 2,311 - 2,448 - Kattohola
Registrerte punkt på syrtfaring 24.03.2017
30.03.2017
Målestokk 1:2500
Statens vegvesen



Syftning i samband med eventuell omklassificering - Børnlo kommune
FT 541 hp 10 km 2,304 - 2,937 og FG 541 hp 210 km 2,311 - 2,448 - Kattholia
Registrerte punkt på syftning 24.03.2017
Målestokk 1:2500
Statens vegvesen

Vedlegg

Ft.541 – Stokkabekken – Brubakken

Synfaringa omfatta strekninga frå sambindingsveg mellom ny og gamal fylkesveg i nord (FT 541 hp 10 km 1,286) til kryss med gamal fv.542 i sør (FT 541 hp 10 km 0,000), totalt 1286 meter.

Til stade på synfaringa frå Bømlo kommune: Toralv Meling (Teknisk avdeling), Reidar Meling (Teknisk drift). Frå Statens vegvesen: John Ellefsen, Vidar Tveiterås, Bernt Herland (Vegseksjon Nord-, Midt- og Sunnhordland), Mats Korneliussen, Anne Marta Espelund (Plan- og forvaltningsseksjon Bergen)

Tunneler

- Skadde plate- og betonghvelv og portaler skal være utbedret.
- Løst fjell i tak og vegger skal være sikret.
- Elektriske installasjoner skal virke.
- Lamper skal skiftes ut dersom lysstyrken er under 70 % av nyverdi.
- Tunnelen skal være rengjort.

Funn/vurdering: Ikkje aktuelt på vegstrekninga.

Drenering

- Grøfter skal være rensket dersom 1 /3 av opprinnelig dybde er oppslammet.
- Stikkrenner skal renskes dersom oppslamming overstiger 1/3 av høyden i renna
- Kummer skal være tømt dersom oppslamming har nådd 10 cm fra avløp, det skal være fritt avløp inn/ut
- Defekte stikkrenner, rør og kummer utbedres



Funn/vurdering:





Generelt:

- Alle stikkrenner skal sjekkast og eventuelt renskast
- Grøfterensk langs heile strekninga

I tillegg vart følgjande punkt påpeika spesielt under synfaringa:

P	Hp	Km	Skade, mangel	Tiltak	Bilde
1	10	1,180		Reinske langs-gående inntak	

4	10	0,969		Reinske stikkrenne dersom ho fins	
6	10	0,840- 0,890	Manglar grøft		



9	10	0,681	Stikkrenne i hagen		
10	10	0,646	Hol, manglar rist		
11	10	0,460- 0,490		Sjekke NVDB-uttak om det er stikkrenne her. Evt. leite etter inntak og definere type.	
12	10	0,353	Nesten tett inntak	Reinske inntak og utløp. Etablere kuppelrist ved inntak.	

13	10	0,270- 0,350		Reinske grøft	
14	10	0,260	Det samlar seg vatn rundt avkjørslepunktet	Eigar av avkjørsla sitt ansvar	
15	10	0,175		Reinske inntak	

Vegdekker

- Dersom mer enn 10% av en ensartet strekning på vegen ventes å få spor dypere enn 25 mm i løpet av 1 år skal strekningen utbedres.
- Dersom mer enn 10% av en ensartet strekning på vegen ventes å ha jevnhet dårligere enn 6 mm/m i løpet av 1 år skal strekningen utbedres.
- Sprekker som er bredere enn 10 mm skal forsegles.
- Krakelerte partier skal vurderes særskilt og utbedres.
- Grusveger skal opp gruses ved behov.
- Vegskuldre skal være oppfylt i plan med vegbanen.

Funn/vurdering:

P	Hp	Km	Skade, mangel	Tiltak	Bilde
2	10	1,053- 1,083	Dårleg asfalt	Ny asfalt, 1 m x 30 m = 30 m ²	
3	10	0,947- 0,967	Dårleg asfalt	Ny asfalt, 1 m x 20 m = 20 m ²	

Murer

- Skader som reduserer murens funksjon skal utbedres.

Funn/vurdering: Ikkje registrert behov for utbetringar langs vegstrekninga.

Støyskjermer

- Vertikale skjevheter over 1 :25 og horisontale skjevheter over 1 :40 skal være utbedret.

- Løse bord/mangler skal utbedres.

- Dersom skjermen trenger overflatebehandling skal dette gjeres.

Funn/vurdering: Ikkje aktuelt på vegstrekninga.

Fjellskjæringer



- Synlige løse blokker og steiner skal fjernes eller boltes i samråd med geologisk ekspertise.

Funn/vurdering: Ikkje registrert behov for utbetringar langs vegstrekninga.

Grøntarealer og skråninger (innenfor vegens eiendomsgrenser)

- Erosjonsskader og andre skader skal utbedres.
- Gress og kratt skal være lavere enn 50 cm i siktsoner.
- Kratt skal ikke være høyere enn 75 cm i etablerte soner for vilttrekk.

Funn/vurdering:

P	Hp	Km	Skade, mangel	Tiltak	Bilde
5	10	0,888- 0,908		Informere hageeigar om at han må fjerne hekk	
7	10	0,820- 0,850		Fjerne hekk/gran /tre	

Kantstein

- Minimumshøyden skal være minst 5 cm.

Funn/vurdering: Ikkje registrert behov for utbetringar langs vegstrekninga.

Rekkverk

- *Brukne stolper skal skiftes.*
- *Utbøyning eller setninger større enn 20 cm fra opprinnelig horisontallinje skal utbedres.*

Funn/vurdering:

P	Hp	Km	Skade, mangel	Tiltak	Bilde
8	10	0,790	Rekkverksskade		

Gjerder, inkl. viltgjerder og trafikkjerder

- *Synlige skjevheter og skader skal utbedres.*

Funn/vurdering: Ikkje aktuelt på vegstrekninga.

Belysningsanlegg

- *Lamper skiftes dersom lysstyrken er mindre enn 75 % av nyverdi.*

Funn/vurdering: Ikkje aktuelt på vegstrekninga/Ikkje registrert behov for utbetringar langs vegstrekninga.

Oppmerking

- *Vegene skal være oppmerket slik at mindre enn 20 meter av langsgående linjer er slitt bort.*
- *Minst 50 % av annen oppmerking skal synes.*

Funn/vurdering: Ikkje aktuelt på vegstrekninga.

Kantstolper

- *Brukne stolper skal erstattes, skjevheter rettes opp.*

Funn/vurdering: Ikkje registrert behov for utbetringar langs vegstrekninga.

Skilt

– Skal minst være synlig på 100 meters avstand i soner med fart større enn 60 km/t.

– Skal minst være synlig på 50 meters avstand i soner med fart mindre/lik 60 km/t.

– Synlige skjevheter utbedres.

Funn/vurdering:

P	Hp	Km	Skade, mangel	Tiltak	Bilde
	10	1,000 og 0,500		Fjerne km-skilt, 2 stk	


Bruer og kaier

– For bruer og kaier må det utføres inspeksjoner dersom dette ikke er gjort de siste 5 år. Utbedringer foretas i henhold til de skader som oppdages ved inspeksjonen.

Funn/vurdering: Ikkje aktuelt på vegstrekninga.



Synfaring i samband med omklassifisering
FT 541 hp 10 km 1,286 - 0 (mot km-retning) - Brubakken/Stokkabekken - Børmo kom
Registrerte punkt på synfaring 21.9.2017
03.10.2017
Målestokk 1:4000
Statens vegvesen



Plan- og forvaltningsseksjonen Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
Seksjonssjef

Mats Korneliussen

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.